



## Kringsgrenser for Aure Barneskule

Høyringsnotat

Vinter 2023

*Bjørnar Midtbust  
kommunalsjef*

## **Innhald**

1. Generelt
  - a. Førehandsvarsel / høyring
  - b. Mandat, framdrift og saksgang
  - c. Formål med høyringa
  - d. Vidare sakshandsaming
2. Lovgrunnlag
3. Problemstillingar:
  - a. Nærskule
  - b. Skuleskyss
4. Framlegg til kommunal forskrift for skulekrins for Aure barneskule

## **1. Generelt**

### **Førehandsvarsel/høyring**

Som eit ledd i saksførebuinga til politisk organ, inviterer kommunen med dette berørte partar til å kome med synspunkt og innspel som kan ha betydning for at saka vert tilstrekkeleg utgreidd før endeleg vedtak vert gjort.

Høyringsbrevet vert sendt til aktuelle partar i samsvar med Forvaltningslova § 37 og Hovudavtalen § 1-4 og § 3-1. Naturlege høyringsinstansar vil etter dette vere foreldreutval, elevråd og samarbeidsutval ved dei involverte skulane (Rundskriv F-15-99 frå KUF), samt fagorganisasjonane til undervisningspersonalet. Andre institusjonar eller organisasjonar som meiner seg berørte av ei eventuell endring, kan også gi høyringsuttale.

Kommunedirektøren vil etter høyringa lage saksutgreiing til den politiske handsaminga. Det vil bli vedtatt forskrift for nytt opptaksområde, jfr. Oppl. lova § 8-1, og Forvaltningslova Kap. 7- §37.

Liste over høyringsinstansane følgjer vedlagt.

#### **Høyringsuttalar skal sendast til:**

*Sykylven kommune, Kyrkjevegen, 6230 Sykylven  
E-post: postmottak@sykylven.kommune.no*

### **Mandat, framdrift og saksgang**

Bakgrunn for denne høyringssaka er at kommunestyret gjennom ei rekke med vedtak – både knytt til plassering, programmering, forprosjekt og skisseprosjekt har vedtatt å bygge Aure barneskule i Bakkøyane som erstatning for skulane Ullavik, Aure og Vik. Dei tre gamle barneskulane skal leggast ned når den nye skulen blir tatt i bruk hausten 2023.

Det har heile tida vore ein føresetnad at den nye sentrumsskulen skal ta over dei tre tidlegare sentrumskrinsane, men av formelle grunnar skal alle slike saker om endring i krinsgrenser handsamast etter særlege reglar – som også omfattar ei høyring.

Kommunedirektøren har på denne bakgrunn definert følgjande høyringstema på grunnlag av kommunestyret sine tidlegare vedtak:

- *Fastsetting av krinsgrenser i samband med etablering av Aure barneskule***

#### **Formål med høyringa:**

Formålet med høyringa er å belyse saka, og få fram alle interesserte sine synspunkt. Kommunestyret skal ha best mogeleg grunnlag for sitt vedtak om krinsgrenser for den nye sentrumsskulen.

#### **Vidare saksgang:**

- høyring med frist fredag 24.02.23
- politisk sak til Levekårsutvalet 07.03, formannskap 13.03, kommunestyre 27.03 for endeleg vedtak.

Etter at høyringsfristen er ute, vil innspel frå høyringsrunden bli sakshandsama. Kommunedirektøren vil på bakgrunn av ei samla og heilskapleg vurdering leggja fram sak for Kommunestyret med ei tilråding i saka. Kommunestyret skal fatta endeleg vedtak om dette 27.mars, jf. framdriftsplanen.

## 2. Lovgrunnlag

### Opplæringslova § 8-1. Skolen

"Grunnskoleeleverne har rett til å gå på den skolen som ligg nærmest eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til....."

### Forvaltningslova § 37. (utredningsplikt, forhåndsvarsling og uttalelse fra interessaerte).

"Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes. Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftene skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale sig før forskriften blir utfordiget, endret eller opphevet. Så langt det trenges for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre. Forvaltningsorganet bestemmer på hvilken måte forhåndsvarslingen skal foregå og kan sette frist for å gi uttalelse".

### Rundskriv udir-2-2012 om "Behandling av saker om skulenedleggelse og kretsgrenser"

«Spørsmål om skolestruktur og eventuelle kretsgrenser for skoler vil i stor grad berøre foreldre og nærmiljø. Skolens samarbeidsutvalg, alternativt foreldrerådet, bør derfor få anledning til å uttale seg når det gjelder vedtak om skolestruktur.

Andre som bør få anledning til å uttale seg i slike saker kan være:

- fagforeningene for de ansatte ved skolen, grendelag og andre grupper og organisasjoner som kan ha interesse i saken
- andre brukere av skolen som vil bli påvirket av en nedleggelse
- andre brukerorganer ved skolene, for eksempel skolemiljøutvalg og elevråd
- samarbeidsutvalg eller foreldreråd ved andre skoler som berøres

Øvrig avtale og lovverk om medbestemmelse avtalt mellom partene forutsettes fulgt opp. Hvis endring av skolestruktur medfører endringer i skyssbehov, bør også fylkeskommunen få anledning til å uttale seg i saken.»

### Barnekonvensjonen

Barnekonvensjonen er tatt inn i norsk rett ved menneskerettslova i 2003, og forpliktar kommunane til å legge vekt på barnets beste, blant anna i saker om skolestruktur. Artikkel 3 nr. 1 peikar på at barnets beste er eit viktig omsyn i saker som gjeld barn. Barnekonvensjonens artikkel 3 nr. 1 lyder: "Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn."

Dersom andre omsyn veg tyngre enn kva som er det beste for barnet, skal dette fremgå av saka.

Dersom prinsippet om det beste for barnet ikkje har blitt utgreidd, kan det vere snakk om ein saksbehandlingsfeil som kan føre til at vedtaket blir ugyldig.

Dette betyr at kommunen i saker om skolestruktur og kringsgrenser også må vurdere barnets beste. Det betyr ikkje at barn si mening nødvendigvis skal trumfe andre argument, men dei skal høyrast og deira stemme skal telle i vurderinga.

For å oppleve tryggleik har alle born eit grunnleggande behov for informasjon og verta lytta til. I FN sin barnekonvensjon er dette ivaretake i artikkel 12 der det står at born som er i stand til å danna seg eigne synspunkt har rett til å gje uttrykk for desse i alle forhold som gjeld barnet. Barn skal høyrast i alle saker som handlar om dei. At barn er blitt hørt i ei sak om skulenedlegging, bør framgå av saka. Kommunen er pliktig til å legge opp til ein prosess som inviterer barn og unge til å delta, og at deira synspunkt blir kjem fram i saksframlegget

Når det gjeld retten til å verta hørt i rettslege saker eller administrativ sakshandsaming, kan dette skje direkte eller gjennom ein representant eller eit eige organ.

Alle kommunar har ein barnerepresentanten som skal ivareta barn og unge sine interesser, og hjelpe til med at barn og unge kjem direkte til orde i plansaker. Barnerepresentanten skal sjå til at sakshandsaming og vedtak er i tråd med sentrale retningslinjer. Barna sin representant i Sykkylven kommune er Øyvind Fet og han vil få tilsendt denne høyringssaka til uttale.

Elevrådet, foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) og samarbeidsutvalet (SU) ved kvar av skulane får høve til å gje ein uttale før saka skal behandlast i formannskap og kommunestyre. I tillegg blir saka sendt på høyring til Møre og Romsdal fylkeskommune v/samferdselsavdelinga, ungdomsrådet og til organisasjonane.

### 3. Problemstillingar

#### Nærskule

Ei utfordring kan vere at for nokre av elevane i Vik krins er det relativt kort avstand til Sørestranda skule - faktisk litt kortare enn til Aure barneskule.

Det er ca. 1,5 km frå austenden av Sykkylvsbrua til Sørestranda skule og ca. 2,5 km. til Aure barneskule (over den nye gangbrua). Eksempelvis vil det medføre at det frå Vik barnehage er ca. 2,2 km til Sørestranda skule, medan det vil vere ca. 2,8 km til Aure barneskule. Frå Vikedalen barnehage er skilnaden 3,0 km til Sørestranda skule og ca. 3,3 km til Aure barneskule.

Men spørsmål om eventuell rett til kommunal skyss for elevar busett på austsida av fjorden vil nok truleg dukke opp pga. kryssing av Sykkylvsbrua i all slags ver. Dette vil i så fall bli ei økonomisk utfordring for kommunen.

Vi vil også tro at dei fleste av elevane og foreldra i Vik krins har tatt det for gitt at det blir Aure barneskule som blir den nye nærskulen for desse elevane.

Som utgangspunkt kan det vere greitt å sjå litt på «nærskuleprinsippet» og korleis Utdanningsdirektoratet tolkar det: (Tolkningsuttale 12.12.14)

*«Elever i grunnskolen har rett til å gå på nærskolen. Dette følger av opplæringsloven § 8-1 første ledd første punkt, der det står at elevene "har rett til å gå på den skolen som ligg nærmest eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til." Begge formuleringene, "nærmest" og "soknar til", omhandler samme vurderingstema, nemlig hva som skal regnes som nærskolen.*

*Hva som skal regnes som nærskolen avgjøres av en rekke forhold omtalt i opplæringslovens forarbeider, jf NOU:18 1995 og Ot.prp. nr. 46 (1998-1999). Det skal tas utgangspunkt i geografi, men også andre objektive forhold som topografi og farlig skolevei er relevante hensyn. I tillegg kan det legges vekt på subjektive forhold som at eleven har søsken på skolen.*

*Opplæringsloven § 8-1 første ledd andre punkt gir kommunen hjemmel til å fastsette forskrifter; "om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til." Denne forskriftshjemmen er først og fremst gitt for å sikre forutberegnelighet for innbyggerne i kommunen, samt styre den kommunale saksbehandlingen og sikre likebehandling. Forskriften vil også være sentral ved klagebehandling, der kommunen gis anledning til å synliggjøre for Fylkesmannen hvordan nærskoleprinsippet er ivaretatt.*

*Forskrift om skolekretsgrenser skal være en funksjon av hvordan nærskoleprinsippet skal ivaretas for den enkelte elev i kommunen. Forskriften må være utformet i samsvar med de hensyn er lovlige etter en tolkning av lov og forarbeider – se over. Det kan ikke legges vekt på hensyn som vil være i strid med nærskoleprinsippet eller opplæringslovens formål; for eksempel "lik belastning" på kommunens skoler, opprettholdelse av skoler med svakt elevgrunnlag, spredning av faglig sterke og svake elever, samling av minoritetselever og spesialundervisningselever osv. En forskrift vil derfor være klarest der den legger vekt på objektive forhold som geografi og topografi. Forskriften må imidlertid også åpne*

*for å legge vekt på subjektive forhold, der spørsmål om nærskoleprinsippet må avgjøres i den konkrete sak.»*

Sjølv om det på mange måtar kunne vore ein fordel for kommunen å utvida skulekrinsen for Sørestranda for å fylle opp med fleire elevar der, er ikkje kommunedirektøren innstilt på at nokon av elevane ved neverande Vik skule skal ha Sørestranda skule som nærskule, og meiner at heile Vik krins bør innlemmast i skulekrinsen til Aure barneskule.

Kommunedirektøren har også sett på muligheita av å gjere heile kommunen til ein skulekrins, men har kome til at dette vil kunne skape store utfordringar og uklare tlhøve ma.a knytt til skuleskyss, og også skape ein uklar situasjon for planlegginga og elevgrunnlaget ved dei to kommunale barneskulane. Kommunedirektøren legg derfor opp til å ha 2 skulekrinsar i kommunen.

### **Skuleskyss**

Lovgrunnlaget finn vi i Opplæringslova;

#### «§ 7-1. Skyss og innlosjering i grunnskolen

*Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda. (...)*

#### § 7-4. Reisefølgje og tilsyn

*Elevane har rett til nødvendig reisefølgje. Elevane har rett til nødvendig tilsyn når det blir ventetid før undervisningstida tek til og etter at undervisningstida er slutt. Retten til nødvendig reisefølgje og til nødvendig tilsyn gjeld også for barn som har rett til skyss til og frå skolefritidsordninga etter § 7-3 andre ledd.*

#### § 13-4. Ansvaret for skoleskyss m.m.

*Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for grunnskoleelevar og vaksne. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for førskolebarn, grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter personakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.*

*Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skoleskyssen skal organiserast og finansierast, kan departementet gi pålegg. (...)*

Det er Møre og Romsdal fylkeskommune som organiserer skysstilbodet til alle elevar i fylket. Skyssen gjeld på strekninga mellom bustad og skule og gir rett til skyss til skulen si ordinære start - og sluttid. Skyss til SFO og etter leksehjelp er ikkje omfatta av rett til skyss. Kommunane betalar billettpris for eleven som gjeld på strekninga.

Rett til skuleskyss i grunnskulen gjeld dersom:

- *Du har meir enn 4 km avstand mellom heim og skule. For førsteklassingar er avstanden 2 km.*
- *Du på grunn av funksjonshemming, skade eller sjukdom har behov for skyss, uavhengig av avstanden mellom bustad og skule.*
- *Du har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg, uavhengig av veglengde mellom bustad og skule.*
- *Det er nødvendig med båt- eller ferjetransport, utan omsyn til reiselengde mellom bustad og skule.*

Møre og Romsdal fylkeskommune nyttar rettleiande samla reisetid (gang-, reise-, og ventetid undervegs ein veg):

- *1.-4. klasse inntil 45 minutt*
- *5.-7. klasse inntil 60 minutt*
- *8.-10.- klasse inntil 75 minutt.*

#### **4. Framlegg til kommunal forskrift for skulekrins for Aure barneskule**

#### **FORSKRIFT**

##### **§ 1 Heimel**

*Føresegna er utarbeidd med heimel i Opplæringslova § 8-1.*

##### **§ 2 Vedtaksorgan og høyringsinstansar**

*Saka har vore på høyring til alle elevråd, foreldrerådsutval og samarbeidsutval ved involverte skular, samt til tilsette sine organisasjoner. Høyringsbrevet vart også lagt ut offentleg på kommunen sine heimesider, samt annonser og omtalt i lokale media. Alt dette i tråd med Opplæringslova § 8-1 og Forvaltningslova kap.7- § 37. Kommunestyret er vedtaksorgan.*

##### **§ 3 Opptaksområde**

*Nytt opptaksområde for Aure barneskule skal omfatte tidlegare opptaksområde for Ullavik, Aure og Vik skular. Dette betyr alle deler av kommunen som ikke er omfatta av Sørestrandaskule sitt opptaksområde, som er fra Gjeveneset til Drotninghaug samt Tynesstranda..*

##### **§ 4 Endringa skal gjelde frå skuleåret 2023/24, dvs. frå 01.08.2023.**

**Vedlegg:**

Adresseliste – høyringsinstansar

Høyringsinstans	Kontaktperson
<b>Skular/barnehage: (einingsleiar vidaresender til samarbeidsutval , FAU og elevråd)</b>	
Sørestranda skule/SFO:	Rektor Clara Aarseth Strømmegjerde
Vik skule/SFO	Rektor Knut Orre
Aure skule/SFO	Rektor Kjersti Beate Rørstad Welle
Ullavik skule/SFO	Rektor Viviann Borgundvåg
<b>Fagorganisasjonar: (vidaresender til sine plassstillsvalde)</b>	
Skolelederforbundet	Hovudtillitsvald Randi Løseth Aasen
Utdanningsforbundet	Hovudtillitsvald Heidi Smørdal-Ask
Fagforbundet	Hovudtillitsvald Monica Skjortnes
<b>Kommunale utval:</b>	
Rådet for personar med funksjonsnedsettingar	Stig Ålgårdstad
Ungdomsrådet	Ibrahim Faisal Nader
Trafikknemnda	Anne Karin Watters
Barnas representant	Øyvind Fet
<b>Skuleskyss:</b>	
Vy	Dag Sindre Slettvold
Møre og Romsdal fylkeskommune	Svein Ivar Aarskog